



**FINANSTILSYNET**

THE FINANCIAL SUPERVISORY  
AUTHORITY OF NORWAY

Rundskriv

# Ny anbefaling om tilknytta motpartar

**RUNDSKRIV:**  
13/2017

**DATO:**  
14.12.2017

**RUNDSKRIVET GJELD FOR:**  
Bankar  
Holdingføretak i finanskonsern  
Finansieringsføretak  
Kredittføretak  
Verdipapirføretak med løyve til å yte  
investeringstenestene som er nemnde i  
verdipapirhandelova § 2-1 (1) nr. 2, 3, 6 og 7

**FINANSTILSYNET**  
Postboks 1187 Sentrum  
0107 Oslo

# 1 Bakgrunn

Den europeiske banktilsynsmyndigheita (EBA) utarbeider anbefalingar ("guidelines" og "recommendations") om tema knytte til direktiv og forordningar på Finanstilsynets område. Anbefalingane har som formål å sikre ei harmonisert praktisering av regelverket på europeisk nivå.

Finanstilsynet stadfestar overfor EBA om anbefalingane vil bli følgde. Ei stadfesting inneber at Finanstilsynet vil legge vekt på innhaldet i anbefalinga i si praktisering og handheving av norske reglar på området. Full oversikt over slike anbefalingar finst på Finanstilsynets nettstad.

EBA publiserte 14. november 2017 ei anbefaling om tilknytta motpartar, definert i kommisjonsforordning (EU) nr. 575/2013 (CRR) art. 4(1)(39).<sup>1</sup> Denne anbefalinga er spesielt relevant i vurderinga av om fleire engasjement må rekna som eitt engasjement, grunna bestemmande innverknad eller økonomiske forbindelsar ("grouping"), i regelverket om store engasjement. Regelverket om store engasjement er gjennomført i Noreg i forskrift 22. desember 2006 nr. 1615 om kreditinstitasjoners og verdipapirforetaks store engasjementer. Finanstilsynet vil legge vekt på innhaldet i den nye anbefalinga i si praktisering og handheving av regelverket.

# 2 Innhaldet i anbefalinga

Reglane for store engasjement angir maksimalgrenser for føretaka sine engasjement med ein enkelt motpart. Engasjement skal "grupperast" og rekna som eitt engasjement dersom det ligg føre *bestemmande innverknad* eller *økonomiske forbindelsar* mellom fleire motpartar. Anbefalinga som blei offentliggjord av EBA 14. november 2017, spesifiserer korleis slike forhold skal identifiserast av føretaka.

Den nye anbefalinga bygger vidare på, og erstattar, anbefalinga som blei publisert av EBAs forgjengar, CEBS (Committee of European Banking Supervisors), 11. desember 2009.<sup>2</sup> Denne anbefalinga har vore sentral i Finanstilsynets praktisering av regelverket om store engasjement. Dei viktigaste endringane i EBAs nye anbefaling omfattar desse punkta:

- I vurderinga av bestemmande innverknad følger det av den nye anbefalinga at føretaka skal legge til grunn motpartane si rekneskapsmessige konsolidering.
- Det blir klargjord at dersom det ligg føre bestemmande innverknad mellom to motpartar, er det kun i heilt spesielle tilfelle at desse ikkje skal grupperast.

<sup>1</sup> European Banking Authority, EBA (2017): "Final Report: Guidelines on connected clients under Article 4(1)(39) of Regulation (EU) No 575/2013", er tilgjengeleg på:

<http://www.eba.europa.eu/documents/10180/2025808/Final+Guidelines+on+connected+clients+%28EBA-GL-2017-15%29.pdf>

<sup>2</sup> Committee of European Banking Supervisors (CEBS) (2011): "Guidelines on the implementation of the revised large exposures regime", er tilgjengeleg på:

[https://www.eba.europa.eu/documents/10180/37070/Guidelines-on-Large-exposures\\_connected-clients-and-schemes.pdf](https://www.eba.europa.eu/documents/10180/37070/Guidelines-on-Large-exposures_connected-clients-and-schemes.pdf)

- Det er utarbeidd nye retningslinjer for bruk av den alternative metoden som er beskrive i Capital Requirements Regulation (CRR) art. 4(1)(39) om engasjement med sentrale myndigheiter.
- I vurderinga av økonomiske forbindelsar mellom motpartar, presiserer den nye anbefalinga at når éin motpart sine betalingsproblem sannsynlegvis fører til betalingsproblem for ein annan motpart, er dette tilstrekkeleg for at desse bør grupperast.
- Den nye anbefalinga klargjer situasjonar der bestemmande innverknad og økonomiske forbindelsar heng saman, noko som kan føre til at fleire grupper av tilknytta motpartar bør slåast saman til éin.

Anbefalinga er relevant for alle delar av CRR som bruker omgrepet tilknytta motpartar ("connected clients"), ikkje berre delane som omhandlar store engasjement. Anbefalinga har blant anna betydning for kategorisering av engasjement til massemarknadskategorien.<sup>3</sup> Vidare gjeld anbefalinga for alle tekniske standardar og anbefalingar som er publiserte av EBA som bruker omgrepet tilknytta motpartar slik det er definert i CRR art. 4(1)(39).

Emil Steffensen  
direktør for bank- og forsikringstilsyn

Bjørn Andersen  
sekjonssjef

---

<sup>3</sup> Aktuelle artiklar i CRR inkluderer: 123(c), 147(5)(a)(ii), 172(1)(d) og 501(2)(c).

**FINANSTILSYNET**

Postboks 1187 Sentrum

0107 Oslo

POST@FINANSTILSYNET.NO

WWW.FINANSTILSYNET.NO